

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Raudeberg

Emne: Transport av høy.

Bygdelag:

Oppskr. av: Tønnes Goa,

Gard: Goa

(adresse): Stavanger

G.nr. 60 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):


SVAR

Emne nr. 2.

Transport av høy har i Randaberg, som på Flatjæren elles, i grunnen ikkje vore noke problem. Heieslått var det sjölvsagt ikkje. Utmarkslått var det svært lite av. I far sin barndom og ungdom (før 1860) slo dei nok litt på "fören", flt. forane d. v. s. flate vasslendte strok. Men dei fleste hadde ingen "for" å slå på.

Eg tykjest minnst at far fortalde om at dei nok for, lat oss segja 100 år sidan, brukte å køyra høyet heim på slede. Seinare var det berre hjulreidskap som vart brukt. Helst langkjerrer med låge hjul,

Når me hadde lesst, var det å "kneppa". Til det det brukte me ei "tong", som såg slik ut:



Tongi vart strama med tau framme og bak. I dei siste åra har sume teke til å køyra inn høyet med traktorar. Dei andre spørsmåla har ingen ting med Flatjæren å gjera.